

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

Fylkesordførar Jon Askeland (SP) la innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse til grunn for behandling av saka.

Kine Bratli Dale (A) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Styresamansetjing

Fylkestinget viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Fylkestinget ynskjer å presisere viktigheita av at styrerrepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i dei ulike bransjane i fylket. Fylkestinget vil difor foreslå at det er avdelingsdirektør for næring som trer inn i styret.

Fylkestinget viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 c under styresamansetjing. Fylkestinget ynskjer å presisere viktigheita av at representantane frå arbeids- og næringsliv representerer breidda i næringslivet og ikkje enkeltbedrifter. Fylkestinget vil difor foreslå at ein vidarefører ordninga frå prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partane i arbeidslivet.»

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.
Bratli Dale sitt forslag vart samråystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsettjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.
2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka og med endringane foreslått av prosjektstyret for Fagskulen Vestland:

§1-2 fjerde ledd bokstav b endra slik:

Ein representant frå fylkesadministrasjonen representert ved avdelingsdirektør for innovasjon og næring med ein varamedlem.

§ 1-2 fjerde ledd bokstav c vert endra slik:

To representantar frå partane i arbeidslivet ved LO og NHO med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.

§ 2-2 niande ledd vert føreslått endra slik:

Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

§ 2-1 andre ledd tredje leddsetning vert endra slik:

Styret har det fulle faglege oppfølgingsansvaret for rektor og fagskulen. Fylkesdirektøren gjev naudsint administrative støtte i personalforvaltninga for styret og rektor, og ivaretak det administrative personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein sjølvstendig del av opplærings- og kompetansesekturen
4. Vedtektena vert sendt til NOKUT for uttale før saka vert handsama i fylkesutvalet og fylkestinget.
5. Styresamansetjing
Fylkestinget viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Fylkestinget ynskjer å presisere viktigheita av at styrerrepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i dei ulike bransjane i fylket. Fylkestinget vil difor foreslå at det er avdelingsdirektør

for næring som trer inn i styret.

Fylkestinget viser til vedtektenes § 1-3 punkt 4 c under styresamansettjing. Fylkestinget ynskjer å presisere viktigheita av at representantane frå arbeids- og næringsliv representerer breidda i næringslivet og ikkje enkeltbedrifter. Fylkestinget vil difor foreslå at ein vidarefører ordninga frå prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partane i arbeidslivet.»